

## **Saksprotokoll i 21.04.2020 - kontrollutvalet**

### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om fylkesrådmannen sitt skriftlege syn på «Klage vedrørande fergetilbod til Austevoll kommune» til møte 08.06.2020. Det skriftlege svaret vert å levere sekretariatet innan 18.05.2020.
2. Kontrollutvalet ber også om at fylkesrådmannen orienterer munnleg om saka i møte 08.06.2020.
3. Kontrollutvalet tar henvendinga med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.